



NORDDAL KOMMUNE

Helse og sosial

Retningslinjer for tildeling av midlene til brukarorganisasjonar og brukartiltak, bevilga av midlane for psykisk helsearbeid.

1. Handsaming av søknadene og fordeling av tilskota:

Kommunestyret fastset kvart år ramma til midlane som ein del av budsjettvedtaket. Søknadsfristen er 1.april kvart år og rådmannen fremmar forslag til fordeling. Fordeling av midlane til brukarorganisasjonar og brukartiltak vert gjort av administrasjon jmf.delegasjonsreglementet – delegering til rådmannen.

2. Tilskott kan gjevast til:

- Brukarorganisasjonar, samt brukartiltak innafor psykisk helse.

Organisasjon treng ikkje ha verksemd i Norddal kommune, men organisasjonar som har tilhold i kommunen, samt organisasjonar der ein har medlemskap frå Norddal kommune sine innbyggere, vil verte prioritert.

Det same gjeld for stønad om midlar for brukartiltak.